



Dato: 06.04.2018
Arkivref: 2015/488-8502/2018 / 104.2

Saksbehandlar: Elisabeth Holme Grønnevik
53 42 30 68
elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
21/18	Utval for oppvekst, kultur og idrett	24.04.2018

TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kultur og idrett innstiller slik i sak om tilskot til lokale kulturbygg 2018:

1. Moster sogelag – modernisering og rehabilitering av museet
2. Bømlo husflidslag – rehabilitering av «Husflidstovo»
3. Bømlo hobbylag – ombygging av lagerrom i Meieriet
4. Rubbestadneset idrettslag – utskifting av permanent og fastmontert inventar.

Saksprotokoll i Utval for oppvekst, kultur og idrett - 24.04.2018

Vedtak:

Utval for oppvekst kultur og idrett gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Dokument i saka:

1. Søknad frå Moster sogelag.
2. Søknad frå Bømlo husflidslag.
3. Søknad frå Bømlo hobbylag.
4. Søknad frå Rubbestadneset idrettslag.
5. Retningslinjer frå Hordaland fylkeskommune til tilskot til lokale kulturbygg.

Bakgrunn for saka:

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg, finansiert av spelemidler frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging eller modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald og drift. Lokala skal vera opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

Søkjjarar må senda sin søknad via www.idrettsanlegg.no Kommunen si oppgåve er å sjekka at søknaden er i orden og at alle vedlegg ligg ved. Kommunen sender søknaden vidare, med politisk vedteken prioriteringsliste, til fylkeskommunen for vidare handsaming.

Det er komen inn 4 søknader.

Vurderingar:

Søknadane som er komne inn er frå lag og organisasjonar med ansvar for hus med stor aktivitet. For å kunne koma i mål med sine prosjekt, søker dei no om midlar til lokale kulturbygg.

MOSTER SOGELAG

Moster sogelag står bak og driv bygdemuseet på Moster. Dei starta opp i 1996, og bakgrunnen for dette var arbeidet med å gje ut boka «Fraktefarten i Moster».

Museet har ei samling gjenstandar som viser ulike sider ved dagleglivet i Mosterregionen gjennom dei siste 100 åra. Her kan ein sjå korleis det såg ut i heimen, i skulestova og i ein skomakarverkstad. Dei har og ei samling av bilete og bøker, ulike arbeidsreiskap og utstyr frå sjøfart og fiske, krambu og ein del bilete og anna frå kongevitjingar på Moter i 1924, 1979 og 1995.

Huset museet ligg i blei bygd som butikk, og har seinare hyst både byggevarer, videoutleige og gatekjøkken. Firmaet som bygde huset – Chr. Størksen jr – starta opp i siste halvdel av 1800- talet nede i Grindheimsvågen. Disk, skrivebord og kassaapparatet er innbu frå den første butikken.

Moster sogelag har gjort store oppgraderingar av lokale og modernisert både oppe og nede. Huset er mykje i bruk til faste møter heile året, og blir elles leigd ut til lag og organisasjonar. I samarbeid med Moster Amfi, har ein i tillegg vitjing frå turistar heile året. I slutten av november har ein skipa til julemesse, med godt besøk og i fjor var over 450 personar innom huset.

Sogelaget søker om støtte til dei oppgraderingar og moderniseringar dei har gjort med huset.

Moster sogelag sendte inn søknad i 2016 og 2017.

BØMLO HUSFLIDSLAG

Bømlo husflidslag søker om midlar til oppgradering, ombygging og modernisering av «Husflidstovo».

«Husflidstovo» var skulehus frå 1850 til 1972. Eldste delen av huset blei bygd i 1850 og var det aller første skulebygget i Sunnhordland, som blei bygd for kommunale midlar. Lokaliseringa der bygningen står, var klokkargard og klokkaren var ofte den første læraren i ei bygd. Frå 1970- talet var bygget eigd av speidarstiftinga på Finnås.

Bømlo husflidslag blei stifta 4. oktober 1988 og er i år 30 år. Laget har aktivitetar med husflids/handarbeidsteknikkar, og vevstove i loftsetasjen i huset. I 2016 blei husflidslaget eigarar av «Husflidstovo».

Bømlo husflidslag ynskjer å oppgradera huset med enøktiltak på vedomn og vindu. Noverande peis frå 1970- talet er stor, plassmurt og har liten effekt. Vindauga er ikkje isolert, og gjev eit stor varmetap i romma. I tillegg må det gjerast noko med innvendig trapp og naudutgang. Ein treng også å få på plass brantrapp mot uteareal.

Det er stor aktivitet i huset med tilbod til barn og vaksne frå 3. klasse og oppover. I tillegg til all aktivitet som skjer på huset, samarbeider også husflidslaget med andre lag og organisasjonar i kommunen om felles arrangement både i «Husflidstovo» og elles rundt om i Bømlo.

Bømlo husflidslag sendte inn søknad sist i 2017.

BØMLO HOBBYLAG

Bømlo hobbylag eig og driv Meieriet i Urangsvåg.

Huset som meieri blei bygd i starten av 1950- åra. Bergensmeieriet overtok drifta i 1960, og seinare var det hermetikkfabrikk i lokala.

Hobbylaget leigde huset frå 1993, og blei eigarar i 2004.

Meieriet er eit fleibrukshus, med fokus på kunst og kultur. Her er mange brukarar av huset, og det ulike aktivitetar for barn og vaksne heile veka.

Hobbylaget søker om midlar til lokale kulturbygg i samband med ombygging av lagerrom. I mange år har ei aktiv målargruppe møtst ein gong i veka, for å måla. Dei treng større plass etter kvart, og hobbylaget ynskjer difor å gjera om eit lagerrom til bruksrom for denne målgruppa.

Meieriet er samlingsstad for barn og vaksne gjennom heile veka, og hobbylaget skipar til arrangement og kurs gjennom heile året.

Bømlo hobbylag sendte inn søknad sist i 2016.

RUBBESTADNESET IDRETTSLAG

Rubbestadneset idrettslag eig Rubbhallen, som stod ferdig i 2009.

Rubbhallen har gjennom lang tid vore samlingsstad i bygda, både for å driva ulike typar idrett, men også som sosial og kulturell samlingsstad. Huset har eige teleskopamfi og scene, der det gjennom året blir skipa til arrangement, aktivitet og samling. Hallen har også eit fullverdig kjøkken, som i tillegg til andre fasilitetar i huset blir leigd ut til lag, organisasjonar og andre.

Idrettslaget har dei siste åra skifta ut både lås system og fått på plass nytt lydanlegg. Dette er store kostnader for Rubbestadneset idrettslag, som dei no søker å få delvis dekkja gjennom tilskotsordninga for lokale kulturbygg.

Rubbestadneset idrettslag søker for første gong.

Laga stettar kriterier til fylkeskommunen på ulike vis. Det er vanskeleg å setja den eine søknaden opp mot den andre, men rådmannen rår til at ein føl prioriteringa frå tidlegare år, med Moster sogelag på plass nr 1 og Bømlo husflidslag på nr 2. Deretter kjem gamle Meieriet som var inne også i 2016 og til slutt Rubbhallen, som er ny.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen.

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ingen.

Folkehelse:

Det er god folkehelse i å engasjera seg. Å ta vare på historia og tradisjonar er viktig og verdifullt. Mange er engasjert i arbeid med lokale kulturbygg, og er viktige entusiastar i sine nærområde.

Oppsummering og konklusjon:

Lag og organisasjonar legg ned viktig og verdifullt arbeid i Bømlo samfunnet. Lokale kulturbygg er samlingsstader for mange, og det er flott at fylkeskommunen har sette av midlar som ein kan søkje på til dette viktige arbeidet.